



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Skjåk kommune
Moavegen 30
2690 Skjåk

23.01.2024

Dykkar ref
2022/734

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
3-24

3-24 Høyring –reguleringsplan hytter Grotli

Planforslag til reguleringsplan for 30 nye høgstandard hytter på Grotli er lagt ut til offentlig høyring. Uttale til Skjåk kommune innan 25. januar 2024.

Planområdet ligg i nærleiken av viktige funksjonsområde for villrein. Det er viktig å gjere ei nøye vurdering av konsekvensane som 30 nye hytter kan gje:

Kvalitetsnorm for villrein - fyrste klassifisering kom i 2022. Reinheimen-Breheimen oppfyller minstemålet om middels kvalitet, men det er eit mål på sikt å få god kvalitet. Da bør ein vera forsiktig med utbygging i nærleiken av viktige funksjonsområde for villrein og i staden legge til rette for at villrein skal bli mindre forstyrre enn i dag.

Fokusområdet Grotli-Breidalen er i kvalitetsnormen beskrive på fylgjande måte: «Særdeles viktig trekkpassasje for utveksling mellom Reinheimen og Breheimen. Sterkt trafikkert veg, hyttefelt og mye menneskelig ferdsel.» I tillegg er det peikt på at det stadig blir meir trafikk i området og at reinens arealbruk er innskrenka dei siste 15 åra. Grotli-Breidalen er eit svært sentralt område både for trekk, beite og utveksling. Denne trekkorridoren er heilt sentral for utveksling mellom sørveststamma i Breheimen og nordstamma i Reinheimen. Slik sett blir den svært viktig for framtidige bestandsforhold og genetisk variasjon i villreinområdet.

For villrein på sørvestområdet er det vinter- og vårbeite som er den marginale faktoren. Samstundes er vinteren og våren ei tid da villrein er sårbar for forstyrning. Det er spesielt viktig å styre aktiviteten vekk frå villreinområda på desse tidene av året. Den viktigaste måten villrein beskyttar seg mot fare er å flytte på seg. Auka menneskeleg ferdsel gjer det vanskelegare for villrein å finne uforstyrta område, flukt gir auka forbrenning og mindre tid til matsøk. Villrein er ein arealkrevjande art, skal ein ta vare på den på lengre sikt må ein sette av tilstrekkeleg areal med lite inngrep og forstyrning.

Det er usikkert i kva grad utbygging av 30 nye hytter vil gje auka ferdsel inn i villreinområda på nord- og sørsida av Grotli. Men meir folk vil truleg gi meir ferdsel også i sårbare område, også til tider da villrein treng ro. Vårt inntrykk er at det allereie er i meste laget med folk som dreg på toppturar på ski på våren i området rundt Grotli (t.d. Skridulaupen, Krosshøe og Viahøe). Vi har fått ein del rapportar om villrein som blir skremd og jaga på denne tida og ein bør derfor avgrense ferdsel i staden for å legge opp til ei auke. Det er relativt kort veg frå hytteområdet til viktige funksjonsområde for villrein. I planomtala er det peika på at ein neppe har god nok kunnskap om omfang av ferdsel inn i villreinområda frå hytteområda. I følge naturmangfaldlova skal ein ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i alle saker der naturen blir råka, alternativt skal føre-var-prinsippet bli lagt til grunn.


Avbøtande tiltak. Det er positivt at det blir lagt opp til kanalisering av ferdsel gjennom skiløyper i skogen austover til Stuttgongen og løypenettet her. Vi hadde gjerne sett at dette var på plass før ein vurderer ei vidare utbygging. Men sjølv med gode avbøtande tiltak vil ein aldri klare å fange opp alle. Det beste for villrein vil derfor vera å unngå vidare hyttebygging i dette området.

Sørveststamma er frå før pressa i området rundt Grotli (oppsumming av inngrep som påverkar villrein i Grotli-Breiddalen-Tystig området er gjort i NINA-rapport 643. Klypp frå side 71 og 72 er limt inn under). Det er vinter- og vårbeite som er den marginale faktoren i dette området. Samstundes er vinteren og våren ei tid da villrein er sårbar for forstyrning. Det er spesielt viktig å styre aktiviteten vekk frå villreinområda på desse tidene av året. Den viktigaste måten villrein beskyttar seg mot fare er å flytte på seg. Auka menneskeleg ferdsel gjer det vanskelegare for villrein å finne uforstyrta område, flukt gir auka forbrenning og mindre tid til matsøk. Villrein er ein arealkrevjande art, skal ein ta vare på den på lengre sikt må ein sette av tilstrekkeleg areal med lite inngrep og forstyrning. Det er summen av ulike forstyrningar og inngrep som gir negativ effekt på villrein.

Villreinforvaltninga har eit mål om at reinen skal ta i bruk att området nord for Rv.15 i større grad. Frå 2005 og fram til for nokre år sidan var det ikkje kalving på nordsida av Rv 15 på nordvestområdet. Heldigvis har forstringsflokkane frå sørveststamma dei siste 6-8 åra byrja å bruke området att.

Helsing

Johan Berge
Leiar



Tor Taraldsrud
Sekretær

Klypp frå NINA-rapport 643:

"Tystigbreen vart teken i bruk til sommarskiaktivitet på slutten av 1960-talet. På Strynefjellet har det heilt sidan 1971 vore alpingsamlingar, der ein brukte eit enklare tautrekk før det store anlegget kom. I 1972 opna Stryn Sommarskisenter på Tystigen på Strynefjellet. Anlegget har hatt stolheis frå 1986. Det har og vore køyrd opp løyper til langrenn/turar på Tystigbreen, noko som gjer at større deler av breen kan verte nytta. I 2009 vart det gjeve løyve til helikopterlanding ved serviceanlegget nede ved Strynefjellsvegen, med innflyging vest frå. Det vart bygd skitrekk ved Grotli høvfjellshotell på 1970 talet. DNT har sti mot sør som kryssar damkrona på inntaksdammen til det private kraftverket til Grotli i Måråe, denne stien går til Skridulaupbu i Raudalen. I tillegg er det stor utfart av skiløparar mot Skridulaupen. seinvinters/vår. Det er og oppmerkt løype/sti til Danskehytta som ligg nordover frå Grotli. På 1970 talet blir 2 private hytter bygd på sørsida av Heillstuguvatnet. Eigarane byggjer også hengjebrau på austenden av Heillstuguvatnet, denne blir liggande midt i reinstrekket. Skjåk Almanning har no teke over ansvaret for hengjebraua, grunna den store bruken mellom anna frå hytteeigarar i Grotli-feltet.

I 1978 stod den nye heilårsvegen, Rv15 over fjellet ferdig. Med dette auka trafikken gjennom Breiddalen, og det oppstod problem med villrein som kjem ned på vegen om våren for å sleikje salt som ligg att etter salting av vegen om vinteren. Reinen har og kalvingar i området ved vegen enkelte år. Rasteplassen ved Langvasskrysset ligg og ved trekket i vestre del av

Breiddalen. Gamle Strynefjellsvegen fekk i 2005 status som Nasjonal turistveg. Dette aukar og trafikken på denne vegen, i perioden den er open frå midten av juni og ut september. I tillegg kan det bli aktuelt med oppbygging av informasjonspunkt langs vegen. Det er og ein del camping i form av telt og bubilar/campingvogner på Gamle Strynefjellsvegen.

Skjåk kommune regulerte i 1987 eit hyttefelt på 80 hytter i Breidablikkområdet i Breiddalen, som no er utbygd. Feltet ligg i området før reinen svingar inn Hamsedalen og skal over vadet i Hamsa når dei kjem frå sørvest. I 1988 regulerte Skjåk Almenning eit hyttefelt på 180 hytter sør for Grotli høvfjellshotell, langs gamle Strynefjellsvegen. Her la Skjåk viltneemd inn protest, ikkje på grunn av villreinproblematikk, men på grunn av at passasjen for elgen gjennom området og inn langs sørsida av Breiddalsvatnet vart blokkert. Feltet vart redusert med nokre tomter i søre delen der trekket går opp på Vassvendegga, men feltet ligg likevel så nær trekket at reinen kjem inn i hytteområdet under trekka.

I 2007 vedtok Skjåk kommune reguleringsplan for Grotli fritidsbustadområde, eit område ved Grotli høvfjellshotell med plass til 70 hytter. Kommunen var i høyringsrunda bedt av fylkesmannen å presisere arealbruken i øvre del av Billingsdalen. Feltet vart redusert og det vart samtidig sett på andre planar i området. Det er og nokre eldre hytter vest i Breiddalen, og enkelte få hytter langs Gamle Strynefjellsvegen.

Det er liten tvil om at villreinen i vestområda er den som har dei største utfordringane i Ottadalsområdet. Ein viser også til rapporten som vart laga av Skjåk kommune i samband med kommuneplanrevisjonen i 2006”.